

## Årsmelding 2012 i Nasjonalt nettverk for naturfagutdanning (NNN) 15.11.12.

### Styret i NNN har bestått av

Leiar	Merete Økland Sortland
Nestleiar og kasserar	Liv Oddrun Voll
Sekretær	Stig Misund
Styremedlem	Frode Henanger (ansvar for e-post lista)
Styremedlem	Doris Jorde (representant for Naturfagsenteret)
Varamedlem	Ragnhild Lyngved
Varamedlem	Per Ivar Kvammen

### Aktiviteten oktober 2011 - november 2012

Styret har hatt to møter sidan årsmøtet i 2011. Begge møta blei gjennomført som telefonmøte.

Det som bind NNN saman er e-post lista. Miljøet på Nesna har tatt på seg arbeidet å drifta dette og me er takknemlege for dette.

Det har ikkje vore stor aktivitet på e-postlista det siste året. Det har vore litt om dårlege matematikkunnskapar. Me i styret vonar at den aukar i etterkant av Hell-seminaret.

Ny barnehagelærerutdanning er blitt vedtatt i denne perioden. Det er blitt ein dramatisk endring ved at faga blei erstatta med kunnskapsområde. Prosessen rundt dette var tilsynelatande open, men det var eigentleg bestemt på førehand at faga skulle ut. Naturfag i dagens førskulelærerutdanning blir erstatta med kunnskapsområdet Natur, helse og rørsle. På same måte som naturfag i grunnskulelærerutdanninga blir natur, helse og rørsle (NHR) styrt av sentralgjevne retningslinjer som ikkje var ute på høyring. Dei blei likevel diskutert på naturfagdagen i fjor den 19.10.11. I styremøtet til NNN i juni blei det diskutert om NNN skulle koma med ei uttaling til dei vedtatte retningslinjene til (NHR), men sidan det ikkje var semje i naturfagmiljøet om korkje forslaget frå faggruppa, og dei reviderte retningslinjene frå Rammeplangruppa hadde ikkje NNN mandat til å meina noko. Implementering av dei nasjonale retningslinjene frå naturfaget si side vil bli tatt opp på dagskonferansen for naturfagutdannarar på førskulelærerutdanninga den 21.03.13. Det var ynskje om at nettverket skulle utarbeide planar for NHR slik dei gjorde for naturfag i GLU. Dette blei komplisert og på møtet for naturfagutdannarar i førskulelærerutdanning under Forskarfrøkonferansen blei det vedtatt at ein heller skulle sjå korleis naturfag blei implementert på dei ulike høgskulane i kunnskapsområdet NHR.

Tryggleik i barnehagen i barnehagen har blitt diskutert i styret. Noreg er eit spesielt land når det gjeld borns fridom til å røra på seg og utfordra sine motoriske ferdigheiter. No er det ein trend som går i retning av avgrensing av denne fridommen ved at leikeapparat blir fjerna, nokre barnehagar går lite på tur i skog og mark, og det er eksempel på barnehagar der papirfly er forbode. Dette kan få mange uheldige konsekvensar, og for naturfaget kan det bli det svært avgrensande for utøving av naturfaglege aktivitetar. Det er fleire måtar å ta dette vidare. Naturfagsenteret tar det vidare via nettsider for barnehagen som Kari Holter og Guri Langholm arbeider med. Vidare bør ein få det ut i media. Dette kan bli ei sak på dagskonferansen til våren.

I hovudmålsettingane til NNN som står på nettsidene er ikkje barnehagen nemnt. Merete sendte ut ein mail om forslag til endringar og tilbakemelding frå fagmiljøet var at endringane var ok. Dette har dessverre ikkje blitt fylgt opp av Merete vidare, men ho skal ordna det no, snarast.

Doris orienterte om at strategiplanen [Kompetanse for kvalitet](#). I strategi for videreutdanning av lærere er naturfag heilt ute. Kommunane, NHO og KD har ikkje gjort noko ting med det. Naturfagsenteret arbeider med å få kommunikasjonslinjer til fylke og kommunar via dei seks regionane for lærarutdanning for å koma i kontakt med politisk leiing. Dei største kommunane som Oslo, Bergen og Trondheim har fokus på naturfag likevel, bekymringa gjeld dei mindre kommunane.

NNN har god økonomi. Etter oppdrag frå årsmøte i NNN i fjor, blei styret i NNN bedt om å utarbeide retningslinjer for medlemmane for å søkje støtte til nettverksmøte. Desse nettverksmøta kjem så langt ein veit no til å bli arrangert av Naturfagsenteret, og då vil opphaldet vera dekkja der i frå. Vidare så arrangerer Naturfagsenteret seminar der flinke folk kjem til Noreg. Desse seminara er gratis.

*Styret i NNN har vedtatt å lyse ut 5 reisestipend á 3000 kr som medlemmar i NNN kan søkje på for å delta på nettverksmøte og/eller seminar i regi av Naturfagsenteret.*

Stipendet blir delt ut etter prinsippet

- Første person til mølla
- Ein person kan få eit stipend pr år.

Visst det viser seg at desse retningslinjene ikkje er tenlege, vil dei bli revidert.

NNN skal igjen bli flinkare til å delta på sentrale konferansar for å jobbe aktivt for naturfaget. Utgiftene til desse konferansane blir dekkja av NNN. Doris har tatt på seg ansvaret for å halda styret orientert om kor det er aktuelt for NNN å reisa. Deltaking vil gå på omgang i styret, og styreprerentanten er pliktig til å skriva eit referat som blir sendt ut på e-postlista til NNN.

Kasserar Liv Oddrun orienterte styret om at det er fleire institusjonar som ikkje har betalt medlemsavgift til NNN, men som likevel står på e-postlista. Frode og Liv Oddrun går igjennom lista og varslar institusjonar om at dei blir sletta visst ikkje abonnementet blir betalt.

Svein Hoff som dessverre døde i staren av 2011 hadde ansvaret for NNN sine nettsider. Dette ansvaret har Naturfagsenteret overtatt, og nettadressa er fylgjande:

<http://www.naturfagsenteret.no/c1876028/seksjon.html?tid=1876029> . NNN takkar

Naturfagsenteret for dette.

**Oppfylging av tidlegare sak:** Frode har tatt oppdraget med å kartleggje tildeling av ressursar til naturfagundervisning og andre spørsmål relatert til det. Han har som mål at kartlegginga vil vera klar til konferansen 14-16.11.

14.11.12

Merete Ø. Sortland

Leiar NNN

